

## Ikkje veglys i sentrum grunna kabelbrot.

18.01.2018



Ei mellombels retting vert gjort i stolpen ved Grano. Dermed vert det veglys i sentrum og på vegen til kyrkja og til SPAR.

**Eit kabelbrot i sentrum gjer at det dei siste kveldane ikkje har vore veglys i område Uskedal bru til busslomma ved nedkøyrsla til skulen. Det har heller ikkje vore lys på vegen ned til kyrkja og til SPAR. Ei mellombels retting gjer at det vert lys i område frå i ettermiddag.**

Det er Kvinnherad energi som er leigd inn for å gjera rettingsarbeid og skrifta stolpalys langs fylkesvegen. Det same gjeld skrifte av pærer i kommunale byggefelt. Det er som sagt registrert eit kabelbrot på vegen nedom Leon Gundersen. Kabelen ligg truleg i gangtraseen og det vert arbeidd med å finna ein praktisk måte for å retta feilen utan å måtta grava seg inn i asfalten.

Skifte av stolpays vert gjort førtløpande når det trengst. I Korneset byggefelt er det skifta til ledlys, noko som fører til sterk reduksjon av straumforbruket. Langs fylkesvegen kan skifte til led redusera energiforbruket frå 400 til 118 watt. I byggefelta kjem ein ned i eit forbruk på mellom 50 og 60 watt pr. pære.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal